

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Desember 2017

Innhald i dette nummeret:

Gode lesar	2
Leiaren har ordet	3
Det uforståelege SKIN	4
Ein stor roman	6
Eit kjært minne	7
Hauge-senteret i Ulvik	8
Stein Mehren og Olav H. Hauge	15
Ungdomstidi åt Olav H. Hauge	17
Mitt Hauge-dikt	20
Tankar om «Svarte krossar» frå <i>Dikt i samling</i> (2010)	23
To dikt av Olav H. Hauge i Norsk salmebok	25
Musikk og lyrikk	27
Røsslyngen Ogmund	29
Hauge om språk	30
Styret og kontaktadresser	32



Det første diktet eg møter når eg slår opp i mi utgåve av Dikt i samling av Olav H. Hauge er «I dag og i morgon.» Det var med i Glør i oska, som kom i 1946, den første diktsamlinga frå poeten i Ulvik.

For meg er dette diktet ei skildring av livet; me er ein gneiste, som lyser ei lita stund og så er me borte.

Dei fem første strofene byrjar med Eg, som fortel om eige liv. Den siste tek til med Du, som følgjer etter Eg. Og det er ikkje noko småtteri Du har i vente: All venleik på denne jord. Ikkje noko mindre.

Eg vonar lesarane finn noko i dette heftet som er verdt å lesa og gle seg over.

I DAG OG I MORGON

Eg er berre ein gneiste
av den store eld.

Og som eg kveiktest i myrkret,
skal eg slokna ein kveld.

Eg er den bylgja som brusar
i denne stund,
med nye fødest og fyllest
og gamle sig i blund.

Eg er det bladet som blakrar
i denne vår.
Du skal skjelva i stormen
eit anna år.

Eg er den vakande, eigande,
det auga som ser,
den dropen som no speglar
himmelens ver.

Eg lever og gløder,
veit ikkje kvi –
Verdi med blomar og kvende
er i dag mi.

Du skal eiga all venleik
På denne jord
når eg longo er burte
og kvorvne mine spor.
Olav H. Hauge



Frå stiftingsmøte for Venelaget. Venelaget vart skipa med oppmøte i tunet på Rossvoll i august 1999. Framme frå venstre: Erling Wollestad, Elen Hakestad, Arne Skjerven, Hanne Wollestad og Eli Lillebø. Vidare frå venstre: Jørgen Øydvin, Turid Øydvin, Gunnar A. Schei, Alf H. Brekke, Lars Meling, Åse Ljones, Johannes P. Bleie, Gerd Vestrheim, Gunnar Raunsgard, Nils L. Øydvin og Oddmund Hus med oldebarnet til bror til Olav (Pål), framfor seg. Foto: Arne Skjerven

Olav H. Hauge og venene hans

Olav H. Hauge hadde mange vener, ei god slekt og etter nokre år ei god kone – Bodil. Kven venene var, kan vi lesa om i bøkene om Olav, (Vold, Åmås, Bjørkum, Stegane og fleire). Dagboka til Olav er hans eige vitnesbyrd om veneflokken. Det er bygdefolk, skulevener, naboar og slekt. Så får med åra Olav aukande kontakt med litteraturfolk, bokmeldarar, forskarar og ikkje minst andre forfattarar.

Olav trivst god saman med andre litteraturinteresserte. Han er audmjuk og kan uttrykkja manglande sjølvtrillit – kva har ein bonde – ein gartnar frå ei lita bygd inst i Hardangerfjorden å koma med? Til same tid vitnar dagboka om at Olav veit mykje og har klåre meiningar.

Olav H. Hauge vart ein godt likt lyrikar, til dømes frå ymse radioprogram. Olav sin måte å lesa eigne dikt sette spor i minna til breie lag av folket.

Han reiste og rundt og møtte folk på ly-

rikkveldar i små forsamlingar, men og som opplesar på større samlingar og festivalar. Her kan ein nemne Vise- og lyrikkfestivalen i Haugesund i 1972. Ein kan finna film av Olavs opplesing frå denne festivalen på YouTube, (<https://www.youtube.com/watch?v=AudRKYSLeu4>). Denne hendinga er og nemnd mellom anna i Ketil Bjørnstads bok *Syttitallet*, side 352.

No, meir enn 20 år etter at Olav døydde, vert han framleis hugsa. Det kjem bøker. Samlaget kan opplysa at det framleis årleg sel om lag 1000 bøker av Hauges *Dikt i samling*.

Det var eit godt initiativ å skipa eit venelag for Olav H. Hauge i 1999. Initiativtakar var mellom andre Arne Skjerven. Laget skulle vera landsomfemmande og vera for vener av Olav H. Hauge si dikting.

Mange fleire enn dei betalande medlemene er i dag interesserte, noko ein kan sjå ut frå interessa på Facebook. I Ulvik er det etablert eit Hauge-senter med utstillingar og ulike arrangement. Poesifestivalen er

eit stort og vellukka arrangement annakvart år. På Hakestad og Rossvoll held slekta til Olav omvisingar.

Styret i Venelaget skal trekkja opp linene for framtida tufta på at mange vil vera interesserte i forfattarskapen til Olav, og vi skal imøtekoma dei og sjølv sagt og trekka nye personar inn som haugevener.

Planane for framtida vert best om ein kjenner til kva medlemene ynskjer, og difor vil styret gjerne ha betre kontakt med medlemene. For å få betre kontakt, laga vi eit tilbod til medlemene denne hausten om helgetur til Ulvik. Så få melde seg på denne

turen at vi laut avlysa denne gongen. Vi får freista seinare.

Vi treng betalande medlemmer, og for å få betre kontakt, ynskjer vi e-postadressa, så send den til ola-lj@online.no. Vi skal ikkje vidareformidla adressene til andre.

Om medlemene har råd og meiningar om Venelaget no og i framtida, vil vi gjerne høyra frå dykk!

*Helsing
Olav Ljones
leiar*

DET UFORSTÅELEGE SKIN

I vårutgåva av venelagsheftet hadde Trygve Skanding eit interessant stykke om diktet «Skin». Me har fått kritikk for at diktet ikkje var teke med, slik at lesaren kan følgja med i diktet medan han les artikkelen. Det er ein rettkomen kritikk, og me tek difor Trygve Skanding sin artikkel med også i denne utgåva, i lag med diktet.

SKIN – ei løysing?

Av Trygve Skanding

SKIN

Det glapp, skin,
eg er sæl eg slapp, skin,
å tala, skin.

Kva var det, skin?

Eg skaut or, skin,
eg hørde det
var ditt gull

som klang –

eg hadde det greidt, skin,
det klang ein stad, skin,
men det glapp, skin.

Natti veit

kva det var, skin,
men eg, skin,

fær aldri
vita det att, skin.

Min gode ven, Willy Dahl, stakk nyleg til meg eit eksemplar av medlemsheftet. Han meiner vel at eg, som gammal litteraturvitar, i høg grad ikkje praktiserande og «hev vore», har godt av det, og det har han heilt rett i.

Sjølv sagt las eg kva han skreiv i bladet, og eg vart nyfiken når den lærde karen seier at det er eit Hauge-dikt (Skin) han ikkje vert heilt klok på, det er eit som «glapp» for han, for å nytte diktet sitt eige ord. Difor la eg sjølv sagt inn eit ekstra gir når eg las, og utan særleg strev opna diktet seg for meg. Er det ei slags løysing eg har sett? I alle fall er det ei nærlesing og ei tolking, som eg vonar kan ha noko for seg. I så fall skal diktet sjølv ha største æra for det, det er eit spanande og flott dikt!

Til lesinga: Eg kjenner lite til Hauge si haldning til religion. Eg har forstått at han

hadde langvarig interesse for åndelege ting, han var mellom anna ein beundrar av dikteren Alf Larsen, men dette og anna kjennskap til Hauge sin biografi var ikkje viktig for mi nærlesing av diktet.

Eg tok fyrst vekk nøkkelordet «skin» i heile teksten, og han vart då enklare og meir direkte. Med utgangspunkt i eit par andre nøkkelord tolka eg teksten som eit dikt om ei åndeleg oppleving om tru og tvil, om ei nattleg openberring som «glapp». Det var noko dikteren opplevde at han ikkje fekk ta del i, eg kom jamvel litt i tankar om eit vårt dikt av Ivar Aasen som fortel om kjærleiken han aldri fekk.

I Hauge sitt dikt får vi vite at dikteren «...fær aldri vita det att». Han skjønar at det var noko verdfullt og stort han opplevde, det var «gull» som «klang» – ei openberring – men det nådde ikkje heilt fram til han. Han har forstått kva det var, men det var noko så stort og vanskeleg at han trekte seg attende, og i etterkant er han «sæl» for at han slapp «å tala» om det og stå fram...

At det er ei åndeleg oppleving, meiner eg

ligg gøymt i orda «sæl», «gull» og «klang», og sjølv sagt i sjølv hovudordet, «skin». I skildringar av det guddommelege høyrer vi ofte om lyset og «glans» frå guddomen, noko som strålar som gull – det «skin»! Og her er det på tide å leggje hovudordet på plass att, som ei ramme med repetisjonar over diktet, slik Hauge har gjort det. Spørsmålet vert: kvifor har han gjort det, og kva gjer det med teksten?

Sjølv ordet «skin» er eit spanande ord, og slikt visste nok ordkunstnaren Hauge. Det kan lesast både som substantiv, som presens av verbet skina – og som imperativ! Det var desse tre ulike tydingane som fyrst opna vegen inn i diktet for meg og gjev det storleik og ein ny dimensjon. Eg er freista til å tru at dikteren i etterkant medvite har lagt denne skinande ramma av ord som eit slør og ei gåte over diktet, som noko lesaren sjølv må finna ut av. Repetisjonane og dei ulike tydingane av «skin» gjer diktet til eit flott dikt for meg, det har bokstaveleg tala eit guddommeleg lys spreidd over seg. Det skin!

Verv en ven!

Vi vil gjerne ha fleire medlemmer i Venelaget. Medlemspengane i Venelaget Olav H. Hauge er framleis berre 250 kroner for eit år.

Innbetaling til konto 3450 30 01960, Venelaget Olav H. Hauge v/ kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren!

Laget sparar ein god del pengar dersom medlemspengane kjem inn utan at det vert sendt giro til kvar einskild medlem.

VERV EIN VEN!

Takk for hjelpa!

EIN STOR ROMAN

Det er lenge sidan det har kome eit so verdfullt tilskot til norsk litteratur som den siste boki av Sjur Bygd, og ho har då òg vorte uvanleg godt motteki av dei som skynar seg på det. Me kan difor ta fatt på lesnaden med godt samvit, det er ikkje ei bok som berre har lokal interesse, heller ikkje ei bok me tarv stræva med å skryta av og blåsa upp. Til oss som bur i bygdene her vest, har ho likevel særskilt ærend, det er ei bok um oss, og ingen skulde skyna henne so godt.

Bygdi og det som der rører seg, einskildmannen og hans strid med seg sjølv og imot dei hine, tidi, der nytt og gamalt brytst, eit stykke ekte Vestland, -- emnet er kjent nok, men under Bygd si hand har det vorte nytt.

«Draumen» er ein slektsroman frå ei fjellbygd, hendingane kan vel gå for seg kring 1900. Som bakgrunn for skildringi av folket på Heggjavad lever bygdi sitt liv, ho som på so mange forunderlege måtar er med å skapa og avgjera lagnaden til dei ein-skilde. Ivar Heggjavad har framgang. Han gifter seg godt, strir seg upp frå husmann til sjøveigar, og prøver på alle måtar å gjera seg verdig den gilde kona han har fenge. Alt dette gjer at han er serleg hårsår for kva bygdefolket tenkjer og segjer um han, og då han og huset hans ved eit hende vert mistenkte for eit tjuveri, greider han ikkje bera det. Denne skuldingi fører òg Viking, son hans, som set alt inn på å vaska faren rein, i ulukka. Mistanken som fell over Ivar og folket hans, er den ytre skiven, me anar andre og djupare årsaker til ulukka, ting som alt tidleg vekker uro. Mikkjel, grannen deira, bryr seg minder um kva hittfolket synest. Det er i det heile ein svært samansett og forvitneleg type, men i vår tid skifter han vel ham. Dette er dei tri karane på Heggjavad. Kvinnone, dei er tri, dei òg, er endå meir sermerkte, kvar på sin måte; dei er meir inntenkte, fører ikkje som karane striden utetter.

I einfelde rit teiknar Sjur Bygd personane sine; det er ikkje nett kor dei ser ut han vil me skal sjå, endå me synest me skilleg ser dei òg, men kva dei er. Ei liti hending kan segja so mykje, som i barsølet hjå Ingunn og Ivar, då dette mennesket hans Mikkjel lyt burtpå voggemeien til Viking,-- kva fortel ikkje dette um henne? I boki er ikkje berre vaksne folk, dei tvo borni som veks upp der på fjellgarden, vil me òg seint gløyma. Skildringane av natur og skiftande årstider er vovne saman med hendingsgangen. Og me ser fjellbygdi både i vinter og i vår. Han har lagt merke til so mange og kan gjeva det att i nokre fåe ord eller i eit gløgt bilete: ljøs ut ei dør, greinene uti myrkret, takdropi, vindsus, skarasnjoen ei månenatt. Radt nifs er natti då Viking frys i hel, so innpå oss kjem ho. Um den tråe ætti ein vår segjer han «at ho stod på nord som ei stogga klokka». «Vinden i ryggen skudde han fram og graset langs vegen var levande, la seg framover og vilde vera med han,» stend det um Ivar, då Mikkjel ein dag uventa vittar han over til seg. Eller tenk på den gongen dei tvo sit og snakkar um den vegsaki, då Mikkjel ligg i graset og røykjer.

«Draumen» er ei rik og spanande bok, ikkje ei skodde av grått og innfløkt sjeleviv, som sume romanar kan vera. Det er eit sjølvstendig arbeid og streng kunst. Sjur Bygd lyg seg ikkje ætt til; dei islandske sogene og Duun; Laxness er eit anna skot på same stuvn.

Olav H. Hauge

Avisa Hordaland 19. januar 1955

EIT KJÆRT MINNE av Aslak T. Helleve

Til 75-års dagen til Olav H. Hauge sende eg han ei helsing med diktet «Lunaria» av Vilhelm Ekelund. Diktet ber i seg tankar eg syntest fall saman med livet og diktinga til Olav H. Hauge. Det lyder slik:

Lunaria

Här tätt vid den yppiga klyftan
flammar din ensamma prakt,
sig hög i skuggan reser
din spensliga ljusa växt.

Din gestalt, så lätt och så kraftig,
aldrig beundrar jag nog,
ett ädelt barn du är
av den blomsterrika dunkla jorden,
dess klara safter välla
i din höga friska kropp
så genomskinliga rena,
så spänstigt fri och stolt
i skönhetsbräddad kraft
du över svarta grunden strålar
det levandes symbol.

Så skild från de andra du synes stå,
så främmande och tyst,
och din blick är egen och kall;
men djupet är tungt av längtan.
Ingen ditt lynne liknar.

Men soliga klyftan upptill
är full av den sorlande sommar,
där dallrar törnros, konvolvel glad
och kaprifol i flamma;
de spela i vinden, de vajar mot varann,
de le och sjunga,
och alla blommor äro glada mot varandra,
och alla blommor äro vackra mot varandra.
Ingen dig ser,
ingen märker dig av de andra.
Var har du din vän, du blomma kall?

Eller kanskje nær allt i slummer sänkts
och djupen blanka darra
och den tysta klyftan fylls
av svart och hemligt sus,
med stjärnorna du talar?

Frå Hauge fekk eg nokre dagar seinare eit kort, som syner kor vel kjend han var med nordisk dikting. Kortet har eg med glede og i takksemd teke vare på.

Ulvik, 2. sept. 1983

Kjære Aslak T. Helleve,

Eg sende deg takk for blomane du og Indrehus sende meg. Men du sende meg eit so vakkert brev med, – helsa med Ekelunds Lunaria!

Lunaria rediviva, månviolen, veks ikkje her i landet, men høyrer til floraen i Skåne, der Ekelund voks upp. «Barndomsvärldens blommor hade tidigt för Ekelund blivit till symboler, som efter hand fylldes med innehåll», segjer Algot Werin i biografien um han. I dette stykket liknar han på Wergeland, i planteriket lever han med. Han kjende Wergelands dikt, han har fest seg ved den «dunkeblåa Hepatica» i Til Sylvan, ser me. Elles nemner han Wergeland sjeldan, dei få gongene er det med dei sterkaste ord, «den geniale Wergeland», ein annan stad, «Wergeland, en ekta Pindarisk man», sterkare ros kunde han ikkje gjeva ein diktar.

Månviolen kjende han frå barndomen. Han fann han att i ein botanisk hage i Berlin, der skreiv han eit lite dikt, Botanisk Trädgård, som stend i samlingi In Candidum, det er ei forstudie til Lunaria. Framleis veks månefiolen på Kullen, der Ekelund såg han.

*Med takk og helsing,
Olav H. Hauge.*

Olav H. Hauge-senteret i Ulvik vart offisielt opna i september 2014. Før dette hadde Nynorsk kultursentrum hatt eit førebels tilbod frå 2011. Venelaget var ein viktig medspelar i arbeidet med å få oppretta senteret. I september 2006 vedtok Ulvik heradsstyre at det skal etablerast eit «Dokumentasjonssenter Olav H. Hauge» i det tidlegare heradshuset i Ulvik. Arbeidet med senteret vart møtt med godvilje frå fylkeskultursjef og fylkeskonservator. Like eins ordna det seg med å skaffa pengar til senteret.

Våren 2008 kom ein prosjektleiar i gang med å byggja opp senteret og fylla det med innhald. Det er den litterære skatten Olav H. Hauge etterlet seg; ei omfattande boksamling, brev, tonar til nokre av dikta, doktorgradar, hovudoppgåver på universitetet, plantenamn, stadnamn, ordsamling og musikkstykke og elles alt som Hauge skreiv og det som er skrivi om han.

I 2008 var det 100 år sidan Olav H. Hauge vart fødd. Hauge var jamgammal med ein annan kunstnar av nasjonalt format frå Hardanger; komponisten Geirr Tveitt i Kvam. Det vart oppretta eit selskap som fekk til oppgåve å markera jubileet og ta vare på arven og fremja interessa for dei to store kunstnarane frå Hardanger. Kulturdepartementet har markert dette ved å løyva solide midlar til jubileet i 2008.

Haugevener skipa Venelaget Olav H. Hauge i august 1999. Venelaget var mellom dei som tok initiativet til å oppretta eit Hauge-senter i Ulvik. I starten var det den viktigaste oppgåva for laget. Venelaget var med i arbeidet fram mot eit vedtak i heradsstyret i Ulvik.

Vedtaket om etableringa av eit dokumentasjonssenter kom ikkje i ei hand vending. Oppfatningane av behovet for eit slikt senter og kva funksjon det kan ha, var fleire og delte. Styret for Venelaget var opptekte av at senteret ikkje skal verta nokon konkurrent til diktarheimen på Rossvoll og det arbeidet

som vert drive der med mottaking, omvising og informasjon.

Dokumentasjonssenteret si viktigaste oppgåve skulle vera litteraturforskning, arkivdrift og nasjonal formidling og samarbeida med sentrale formidlingsaktørar som Hardanger folkemuseum, Ivar Aasen-tunet, Universitetet i Bergen og NRK.

Venelaget vona frå starten at dokumentasjonssenteret og Rossvoll kunne utfylla kvarandre, og slik styrkja den nasjonale formidlinga av Olav H. Hauge si dikting og auka interessa for den litterære og kulturelle arven etter han.

Etter snart ti år sidan vedtaket i heradsstyret, kan me slå fast at Hauge-senteret er blitt ein suksess. Det tidlegare kommunehuset på Promenaden i Ulvik er ein fin bygning i vakre omgjevnader og høver svært godt som heim for den litterære arven etter Olav H. Hauge. Venelaget gjorde eit viktig arbeid med å overtyda sentrale folk innan norsk litteratur om kor viktig Olav H. Hauge si dikting er. Senteret er det einaste lyriksenteret i landet.

Hauge vart for alvor oppdaga i 1960-åra, og i det nye tusenåret hadde dikta for lengst blitt ein kjær eigedom for lesarar landet rundt. Hauge er ein av dei mest lesne poetane i landet, og ein av dei fremste produsentane av brukslyrikk. Det er ikkje for ingenting at «Det er den draumen» i 2016 vart kåra til det beste diktet gjennom tidene. Hauge-senteret tek imot gjester som vil sjå utstillingane og skaffa seg meir kunnskap om Olav H. Hauge og diktarverket hans.

Venelagsheftet har invitert seg sjølv til Hauge-senteret for å spørja kva dei held på med. Det er ikkje lite.

Utstillingar

Basisutstillinga opna i 2014, og den har Hauge-senteret fått mykje ros for. Tyngdepunktet i den er Huges liv og verk. Vidare formidlar senteret kunnskap om bakgrun-



Poeten tek eit blick over poesiverkstaden. Born og ungdom kan vera med på skriveverkstad når dei er på besøk på Hauge-senteret.

nen hans, tilknyttinga til Ulvik, litteraturen han omgav seg med og annan påverknad og hans eiga dikting.

Olav H. Hauge sette handverket høgt. Han var fruktdyrkar, gartnar og bonde - og verdskjend diktar.

- Me ser på diktinga hans som handverk, seier Geir Netland, dagleg leiar ved Hauge-senteret. Det finst parallellar mellom desse to berejlkane i Hauge sitt liv. I tillegg vil Hauge-senteret visa lyrikk i mange former og syna korleis lyrikken har endra seg over tid. Me møter lyrikken i mange samanhengar og situasjonar; glede og sorg, me har brukslyrikk, i privat og offentleg samanheng. Me vil gjerne vera med på å gjera lyrikken tilgjengeleg på fleire måtar.

I utstillingane kan publikum oppleva dei fleste typar brukslyrikk, i det som senteret kallar poesiverkstaden. Born og ungdom kan vera med på skriveverkstad når dei er på besøk på Hauge-senteret.

«All verdas lyrikk gjennom 4000 år» er

eit nytt utstillingselement. Ja, det finst så gamle skrifter som har teke vare på lyrikk over så lang tid. Tanken er å trekkja dei store linjene. Dei eldste eksempla er indisk dikting i verket Rigveda. Ferda går vidare via antikken i det gamle Hellas, til bibelsk og religiøs dikting i ulike verdsdelar og i ulike epokar i verdslyrikken.

- Me prøver å sjå på bruks- og songlyrikk som eit gjennomgåande trekk, frå Odysseen av Homer til Bob Dylan og amerikansk songtradisjon. Me viser 24 døme på lyrikk og epokar gjennom desse 4000 åra. I utstillinga viser me utdrag av dikta som eit første steg. Målet er at lyrikken skal møta publikum, seier Geir Netland.

Hauge-senteret vil visa lyrikk i eit vidt perspektiv. Senteret har brukt eigen fagkunnskap og dels leigt fagfolk utanfrå i arbeidet med å plukka ut kva som skal vera med. Når ein skal skaffa seg oversyn over fire tusen år i heile verda i ei så utbreidd uttrykksform som lyrikk, er det ei stor oppgåve som krev mykje arbeid, tolmod og høg kompetanse i emnet.

Vers

Kan du gjera eit vers
som ein bonde tykkjer mun i,
skal du vera fornøgd.
Ein smed vert du aldri klok på.
Verst å gjera til lags er ein snikkar.
1966

Hauge og verda

Den som har som mål å visa Olav H. Hauge si litterære verd og interesse, er nøydd til å setja seg inn i lyrikk og annan litteratur i verda den vide over lang tid. Olav H. Hauge hadde lese meir enn dei aller fleste, og han var lærd som få. I boksamlinga hans finst det 6237 skrifter. Alt som 15-åring hadde han lese verk av store klassikarar, filosofar og andre tenkjarar.

I Olav H. Hauge si dikting og forfattarskap er det råd å sjå spor etter inspirasjon og påverknad som strekkjer seg svært breitt og langt. Han var eit lesande menneske heile livet. Han hadde ei ekte interesse for litteratur, og det var ikkje kiosklitteratur han las, men historie, filosofi, psykologi, det som er fundamentet for vår kunnskap og ståstad i verda.

I diktinga finn ein spor av kunnskap som er henta frå litteratur på tvers av kulturar og langt tilbake i historia. Han hadde store kunnskapar og var glad i m.a. kinesisk poesi, haiku-dikt frå Japan og klassiske verk.

- Me synest det er viktig å visa litt av dei forteljingane som er grunnlag for Hauge si dikting, ta det med i utstillingane og gjera det tilgjengeleg, seier Geir Netland.

Museum og formidlar

Innhaldet i Hauge-senteret er delt i to avdelingar. Senteret er for det første eit litterært museum, som har til oppgåve å forvalta den litterære arven etter Olav H. Hauge. Ei anna oppgåve er å forska etter ny kunnskap om diktinga hans.

Den andre hovudoppgåva er formidling, det vil seia å dela denne arven med det store publikum; stadig fleire Hauge-vener er fasinerte av diktinga og tankeverda til den smålåtne mannen på Rossvoll. Ikkje berre det, senteret vil og gjerne ha tak i alle dei som endå ikkje har oppdaga Hauge sitt store litterære univers og inviterer til ein glytt inn i denne forunderlege verda.

Senteret tek i mot skuleklassar i haugevis, studentar og forskarar. Skulane er ei viktig målgruppe i dette arbeidet.

- Like eins ønskjer me å trekkja til oss alle som er interesserte i Hauge sitt forfattarskap, me vil bidra til å formidla lyrikk og leselyst, seier Geir Netland.

Ingen er for gamle, ingen for unge til å koma på besøk på Hauge-senteret. Det har eige opplegg for barnehagar. I det arbeidet er Olav H. Hauge og Bodil Cappelen si ABC-bok nyttig. Det er ei lesebok som vender seg til born.

Senteret har eit eige opplegg for born i småskulen og like eins for elevar i ungdomsskulen. Ungdomsskuleelevane får kikka i Hauge sine dagboknotat, der han reflekterer over smått og stort i heimbygda og i verda den vide.

- Me ser at denne måten å skriva på har appell mellom elevane, seier Geir Netland nøgd.

Like eins har senteret eit tilbod til elevar i den vidaregåande skulen, studentar ved Skrivekunstakademiet og ved Universitetet i Bergen.

Møtestad

Hauge-senteret inviterer publikum til eigne arrangement, på jamnen ein gong i månaden. I år hadde senteret ei markering i høve Hauges fødselsdag, 18. august. Då var lokale folkemusikarar med og heldt konsert, og publikum fekk høyra framføring av tonesette Hauge-dikt.

I Hardanger står folkemusikken sterkt, også blant unge menneske. Mange har gått

i lære hjå meisterspelemannen Knut Hamre i Granvin. Somme tek høgare utdanning i musikk og nokre er utøvarar på høgt nivå.

«Tid å hausta inn» var det treffande namnet på tilskipinga i oktober. Det var eit samarbeid med andre aktørar i Ulvik. Der i bygda er det tradisjon med torgdag når årets avling er komen i hus. Torget bogna av rau-de plommer og eple, og på loppemarknaden var det mangt å få kjøpa. Og ikkje minst høyrer det med eit fargerikt folkeliv.

Dagen før torgdagen inviterte Hauge-senteret til møte med forfattarane Agnes Ravatn og Einar Økland, to gode grannar frå Sveio. Agnes Ravatn budde tidlegare i Oslo, og har skriva bok om å flytta til bygda. Einar Økland var ein av Olav H. Hauge sine nære vener og kjende han godt. På dette treffet mellom to forfattarar og lesarar, var forfattarskapen deira sentrum for merksemda.

Til vanleg kjem det 50–70 personar på desse tilstellingane, og det er Geir Netland godt nøgd med. Ulvik er ein liten plass, og samanlikna andre muse og t.d. Litteraturhuset i Bergen er det eit godt frammøte.

Hauge-senteret har i haust arrangert foredrag om kyrkjereformator Martin Luther. Redaktør i *Allkunne*, Per Magnus Finnanger Sandsmark, og historikar Sigrun Høgetveit Berg fortalde om Luther si rolle og posisjon som reformator og bibelomsetjar og den påverknaden han har hatt på det tyske språket.

I november arrangerte Hauge-senteret eit nytt seminar i nettverket Poetisk tenking. Tema denne gongen var «Lyrikk, samfunn og krise». Seminaret var eit samarbeid med Universitetet i Bergen.

Lyrikken har ei viktig oppgåve i samtida. Det såg me m.a. etter terrorhandlinga 22. juli 2011, og i samband med andre dramatiske hendingar. Lyrikken vil alltid spegla samtida. No er økopoiesien på veg inn; nokre forfattarar prøver å ta opp desse problemstillingane knytt til miljø i eit større perspektiv. Dette var noko av det litteraturvitarar og forfattarar reflekterte over på møtet i Bergen.

I desember er det tid for julekonsert i Ulvik kyrkje med Aasmund Nordstoga. Det er eit variert program med song, dikt og musikk. Det går an å strekkja ein raud tråd frå Olav H. Hauge til songaren frå Vinje. Dei står begge støtt i det bygdenorske og tradisjon, samstundes som dei fornyar det kunstnarlege uttrykket og har brei appell blant publikum i bygd og by.

Hauge-senteret er engasjert av «Den kulturelle skulesekken» til å produsera materiell til dette programmet som dreg på turne i Hordaland og andre delar av landet. Det inneheld ei reisande framsyning for småskulen, om temaet «Tenk om eg var ein tanke». Det er basert på dikt av Per Olav Kaldestad. Anlaug Børsheim og Mari Skeie Ljones har laga ei musikalsk framsyning.


Programmet for ungdomsskulen heiter «Ein nordmann liker ikkje å vera våpenlaus». Utgangspunktet er dagboka til Olav H. Hauge. Han skriv m.a. om å stilla seg lagleg til for hogg når ein skriv. Det har fått ei moderne form, med rap og hip hop. Programmet fortel om Olav H. Hauge som ung mann, om livet hans i ei lita bygd og at han vart ein stor diktar.

- Me er opptekne av å aktualisera bodskapen og leggja til rette for å kommunisera med ungdom, seier Geir Netland. Me arbeider òg med eit program for mellomtrinnet i barneskulen, og meininga er at det skal stimulera til leselyst. Forfattaren Lars Mæhle har skriva teksten. Denne framsyninga skal òg på turne til neste skuleår dersom alt går etter planen.

Poesifestivalen

Poesifestivalen annakvart år er blant dei store hendingane i Ulvik. Neste gong er 7. til 9. september 2018. Temaet for festivalen skal vera «Ordsifte».

Programmet er m.a. sett saman av samtale mellom poetar om ulike ordsifte i det offentlege rommet. Der er poesien ein nyttig formidlar. Ulike variantar av poesi kan formidla bodskapar av fleire slag.



«Eg dreg ifrå glaset fyrr eg legg meg, eg vil sjå det levande myrkret når eg vaknar, og skogen og himmelen.»

- Me synest det er viktig at festivalen kan kasta lys på og aktualisera Olav H. Hauge sitt forfattarskap og vil gjerne at festival-poetane skal reflektera omkring diktinga hans, sett i forhold til deira eiga dikting. Den offentlege samtalen er eit viktig tema, korleis skal me ta den tilbake til eit anstendig nivå? I det arbeidet kan litteratur og poesi spela ei rolle, meiner Geir Netland. Det kan vera interessant å sjå om dette temaet kan vera med på å setja ting i perspektiv, og reflektera og kasta eit poengtert lys over forfatarane me inviterer. Olav H. Hauge hadde klare meiningar om samtida i fleire av dikta sine. Vers er ein aktuell måte å uttrykkja seg på i den offentlege samtalen.

Festivalen komande år er langt på veg lagt opp etter same mal som den i fjor, men det blir ikkje invitert like mange poetar som dei 24 i 2016. Når det kjem færre forfatarar, er det von om at publikum blir betre kjend med dei som kjem. Om lag 15 norske lyrikarar vil venteleg vera med.

Mellom dei er «dei kjende og kjære» og nokre nye i forfattarkorga. Geir Netland meiner det er viktig å ta vare på begge desse kategoriane. Dyktige lyrikarar går ikkje ut på dato, og festivalen vil gjera sitt til å få dei nye og yngre fram i lyset.

Det er no oppretta eit stipend for unge diktarar. Vinnaren får 150.000 kroner. Stipendet skal delast ut annakvart år. Ein fagjury plukkar ut vinnaren, men alle kan føreslå kandidatar til stipendet. Pengane kjem frå Sparebankstiftinga i Hardanger og Sparebanken Vest.

Hauge-senteret er oppteke av digital formidling. Senteret har eigen nettstad og ambisjonen er å gjera meir stoff om samtidslyrikk og lyrikkens plass i ulike samanhengar lettare tilgjengeleg via den digitale kommunikasjonskanalen.

Forskning

Stein Arnold Hevrøy, som er dokumentasjonsansvarleg på Hauge-senteret, arbeider med å sjå Hauge sin forfattarskap i eit

forskningsperspektiv. Han held på med å registrera gjenstandar knytt til Hauge og diktinga hans og laga ein bibliografi over alt Hauge har publisert. Like eins arbeider han med den store boksamlinga etter Olav H. Hauge. Om lag 60% av bøkene er utstilt på Hauge-senteret. Bøkene er interessante Hauge-dokument. I mange av dei har Olav H. Hauge gjort notatar og streka under det han oppfatta som viktige poeng. Desse kan vera med på å fortelja meir om kva han var oppteken av og auka kunnskapen om Hauge og tankeverda hans.

Det er råd å finna ein raud tråd frå tankar i bøkene til ferdige dikt. Innhaldet i diktet «Kom ikkje med heile sanningi» kan sporast tilbake til Heraklit og antikk dikting. Orakeldikting var eit fenomen den gongen; kunsten å kunna seia noko om framtida, eller «antydningens kunst», er tydelege spor i nokre Hauge-vers.

Neste år er det venta ei ny doktorgradsavhandling om Olav H. Hauge. Øystein Edvardsen Hide skriv om Hauge sine dagbøker og dagbøkene sin plass i Hauge sitt forfattarskap. Hauge var påverka av andre dagbokskrivarar som Ivar Aasen og Arne Garborg, og ein kan finna spor etter andre dagbokverk i verdslitteraturen. I dette arbeidet kan det koma interessante og dels kontroversielle påstandar, trur Geir Netland. Øystein Edvardsen Hide har allereie presentert smakebitar av arbeidet sitt.

- Spannande, meiner Netland, som ser fram til «Ulvikasamtalen» under Poesifestivalen i 2018, der Hide skal samtala med litteraturvitar Eirik Vassenden.

Boksamlinga

For Hauge-senteret er det viktig å forvalta boksamlinga på ein god måte og gjera ho tilgjengeleg for forskning og formidling. Ho må takast skikkeleg vare på, også for framtida. Samlinga har ei viktig rolle i Hauge-forskinga og vil vera tilgjengeleg for studantar og andre som vil arbeida med Olav

H. Hauge sitt diktarverk. Boksamlinga er ikkje eit bibliotek for publikum, til det er ho altfor verdfull. Men forskarar kan få tilgang til boksamlinga.

Samlinga inneheld mange biografiar om diktarar, m.a. om Kristoffer Uppdal, Per Sivle, Olav Nygard og Hans E. Kinck, diktarar som Hauge sette svært høgt. Mesteparten av bøkene står innelåste i glasskap i same rekkjefølgje som dei hadde då samlinga var i diktarheimen på Rossvoll.

- Vi snakkar om Olav H. Hauge som eit moteeksempel mot vår tid, seier dokumentasjonsansvarleg Stein Arnold Hevrøy. Vår tid er prega av ei vanvittig informasjonshastighet, som fører til at folk ikkje maktar å ta til seg noko større av det dei les.

Olav H. Hauge derimot, brukte mykje tid på å setja seg inn i det han las, og han fordjupa seg i eigen kultur og framande kulturar og oppfatningar. Han las *Koranen*, skrifter om buddhisme, kristen kultur, gresk mytologi og filosofi. Han var vel kjend med Eddadiktinga og vår eiga historie.

Neste år kjem 200-årsjubileet for Aasmund Olavsson Vinje. Hauge-senteret planlegg ei temautstilling om han.

Det grov i gartnaren Olav H. Huges fotefer. Dikta hans er til dagleg glede for mange menneske i landet, nei, ikkje berre i Noreg. Han er omsett til meir enn 20 språk, til glede for tusenvis leseglade folk i verda den vide.

Fire tilsette

Dei fire tilsette på Hauge-senteret har kvar sine oppgåver. Geir Netland er dagleg leiar med ansvar for økonomi, administrasjon, personalarbeid, marknadsføring, utviklingsarbeid og langtidsplanar. Netland har også det økonomiske og administrative ansvaret for Poesifestivalen.

Jorid Lekve er salssekretær, ho arbeider i resepsjonen og administrasjonen, styrer museumsbutikken, arbeider med informasjonsmateriell og marknadsføring. Ho er òg ansvarleg for nettstaden og programbladet Onen.



Personalet på Hauge-senteret: Stein Arnold Hevrøy (t.v.), Geir Netland, Jorid Lekve og Ragnhild Nabben.

Ragnhild Nabben er inne i vikariat som formidlar, det er ho som syner gjester utstillingane og fortel om alt som er å sjå og oppleve der. Ho tek imot skuleklassar og andre grupper. Dessutan er ho ansvarleg for lyrikkprogramma, og er prosjektleiår for Den kulturelle skulesekken og andre program på Hauge-senteret.

Stein Arnold Hevrøy er dokumentasjonsansvarleg på senteret. Han arbeider med det museumsfaglege og arkivet og hjelper til i formidlingsarbeidet når det strøymar på med gjester. Hevrøy har dokumentasjonsansvaret for den verdifulle og omfattande boksamlinga etter Olav H. Hauge.

Ikkje alle bryr seg om vers; folk kunne då finna på noko nyttigare å halda på med. Sant nok, me er ikkje alle like. Men til pengeteljarane kan det forteljast at Olav H. Hauge sitt arbeid òg er sysselsetjing. På Hauge-senteret er det fire faste arbeidsplassar, og det er ikkje nokon bagatell i Ulvik. Dessutan: Tusenvis av tilreisande kjem kvart år til Ulvik og besøker Hauge-senteret og legg etter seg ein god del pengar i vakre Ulvik.

Fjellmassivet Vassfjoro lettår på skoddehatten og seier velkomen attende!

Ramma om Hauge-senteret

Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

- Friviljug medlemsorganisasjon som skal fremja interessa for Olav H. Hauge si diktning

Olav H. Hauge Stiftinga

- Stifta av Ulvik herad og Hordaland fylkeskommune i 2000 for å forvalta boksamlinga etter Hauge og utarbeida forprosjekt for Hauge-senteret. Prosjektrapporten var ferdig i 2010

Nynorsk kultursentrum

- Ideell offentleg eigd stifting med føremål å fremja nynorsk skriftkultur. Eig og driv Ivar Aasen-tunet, Dei nynorske festspela og det digitale leksikonet Allkunne
- Etablerte Olav H. Hauge-senteret i 2011 og inngjekk driftsavtale med Ulvik herad
- Deponiavtale med OHH-stiftinga i 2014 om forvaltning av boksamlinga etter Hauge
- Hauge-senteret driv også Ulvik poesifestival etter avtale med Ulvik herad frå 2014
- Hauge-senteret blei offisielt opna 4.9.2014 med ny basisutstilling, fire faste stillingar, museumsbutikk og formidlings- og publikumstilbod

STEIN MEHREN OG OLAV H. HAUGE av Olav Ljones

Stein Mehren døydde 28. juli 2017, 82 år gamal. Mehren var ein av etterkrigstidas viktigaste forfattarar som skreiv lyrikk, romanar, skodespel og essay. Han var og aktiv som biletkunstnar.

Han debuterte i 1960 med diktsamlinga *Gjennom stillheten en natt*. Mehren var ein særskild aktiv forfattar med 30 diktsamlingar, 8 essaysamlingar, skodespel og romanar. Det er ikkje tvil om at Mehren var ein høgt skatta forfattar både av folk og ekspertar. Mehren hadde meiningar, og då vert det og slik at ikkje alle var samde med han.

Øg for Olav H. Hauge var Mehren ein viktig forfattar. I boksamlinga etter Olav H. Hauge er det mange bøker av Stein Mehren (16 boktitlar), og nokre skriftstykkje om Stein Mehren og nokre antologiar der Stein Mehren er med. Det er mest diktsamlingar, men og nokre essay. Den fyrste diktsamlinga som no er i boksamlinga er frå 1965, *Gobelin Europa. Dikt*.

Olav H. Hauge fylgde godt med i norsk og utanlandsk litteratur, og i Dagbøkene som kom i 5 band i 2000, er det mange tankar og omtale av norsk og utanlandsk litteratur.

Den første gongen Stein Mehren er nemnd i dagboka (15.11.1961), har Olav lese ei bokmelding av Ragnvald Skrede, men nemner og at han har lese eit dikt av Stein Mehren, trykt i B.L.M (Bonniers Litterære Magasin?). Olav er nok litt undrande til bruk av matematikk i dikta. Vi kan her minna at om Olav var skuleflink, men matematikk var ikkje eit favorittfag.

Når Olav les den første diktsamlinga av Stein Mehren, *Mot en verden av lys*, er Olav svært begeistra og ser det som skal koma - vår største lyrikar (17.08.1964).

Så fylgjer ei rekke godord frå Olav om Stein Mehren. Han nemner og (11. oktober 1964), at nynorsktdiktarene er for gamaldagse. Så kan ein merka nokre gonger at det er noko med Stein Mehren som gjer Olav

utrygg, og han nyttar ordet oppløysing om det han finn hos Stein Mehren (29.10.1964).

Seinare same hausten (25.11.1964) har Olav H. Hauge nokre tankar etter å ha lese dikt av Stein Mehren i *Dagbladet*. Han er nøgd med diktet, men skriv : «Nye dikt av Mehren i Dagbladet. Gode. Kan skynast endåtil av ein bonde som meg. Den nye poesien med alle sine subtile formuleringar og sine fine åtgåingar, er ikkje han skriven for ein ny type menneske? Ein hyperintellektuell type med skarpare sansar og kvas-sare hjerne enn hjå oss vanlege gamaldagse folk? Me strævar (?) og strævar, men til slutt lyt me alle lita på nåde; Luther såg rett».

Dagboka vekslar mellom omtale av litteratur og lokale opplevingar, og 17. juli 1965 fortel Olav om ein lang fottur frå Hakestad til Solsæ med retur ned langs Tysso forbi Hydle. Her fekk Olav middag hos lensmann Dalaker, og dottera Anna hadde helsing til Olav frå Stein Mehren. Anna Dalaker var kjend med kona til Stein Mehren.

Det er fleire prov på at Olav ser på Stein Mehren som ein særskild viktig forfattar som har sett sitt merke på utviklinga av poesien. Olav ser opp til Stein Mehren. I dagboka 13.03.1966 skriv Olav om eit innlegg Stein Mehren har hatt i Profil om modernistiske vers, «Kloke ord, eg er glad for at han ser soleis på sakene. Verkeleg eit vitugt innlegg. Det er ein gåverik mann, vel den største diktarevne me har i dag. Han vil noko, sjå der! Og slik fantasi og biletskapande kraft!»

Så er det òg prov på at han ikkje er samd med og vert irritert på Stein Mehren. Denne kritiske haldninga er vel mest avgrensa til avisinnlegg og essay. Han nyttar fleire gonger eit uttrykk frå Ivar Aasen om å «kjenna svagheit i hovudet» når ein les, og her nyttar Olav H. Hauge Stein Mehren som døme på at ein kan kjenna «svakheit» i hovudet. (18.-20. oktober 1971)

Ved lesing av dagboka til Olav H. Hauge

har ein ofte ei kjensle av at dagboka er balansert og klok – slik at ein kan grubla over om Olav berre skreiv for forfattaren sjølv, men at dagboka på ein måte var klar til å lesast òg av andre. Dagboka kan av og til sakna dei spontane tankane, men nokre slike spontane ordval finst i dagboka. Eit døme er nettopp om Stein Mehren. Han i skriv Dagboka band II side 778 i mars 1966: «Stein Mehren har eit stykke i Samtiden som han fær mykje skryt for. Eg veit ikkje, men etter namnet å døma kan han ikkje vera norsk. So mykje tøv um liketil ting! Tysk dialektikk! Han kan ikkje skyna mykje.»

Dette er ein omtale av essayet til Stein Mehren frå Samtiden 1966, side 81–95, «Du skal ta livsløgnene fra deg selv». Omtalen til Olav i dagboka er vel klårt subjektiv og må nær reknast som usakleg. Dette er eit prov på at det òg finst personlege og nær ubalanserte avsnitt i dagboka. Men om det er slike døme, er det som sagt ikkje tvil om

at Olav sette Stein Mehren høgt, men han kunne òg verta irritert.

Ut frå dagboka kan ein finna omtale av eitt møte mellom Olav og Stein Mehren. Dei treftest ein gong på Kunsternes hus (18.01.1980) der Olav sat saman med kona Bodil, og dei hadde ei prat. Olav skreiv i dagboka: «han verka roleg og liketil. Ja han møtte mange forfattarar og kunstnarar.»

Olav var knytt med venskap til Jan Erik Vold, og han er klår over at det kunne vera ein motsetnad mellom Vold og Mehren. Ein plass (8.4.1980), skriv han i dagboka: «Stein Mehren skuldar Vold og krinsen rundt han for å dyrka «synligheten». Med det meiner han vel at diktingi deira er mimetisk. Han kan ha rett i dette. Men det må dei ha lov til. Sjølv ser han djupare i tingi, påstår han. Det må òg vera lovleg». So det endar med nok ei klok og balansert oppsummering frå gartnaren frå Ulvik.

EIT DIKT KVAR DAG

Eg vil skriva eit dikt kvar dag,
kvar dag.

Det må då vera liketil.

Browning greidde det lenge, endå
han rima og slo takti
med buskute augnebryn.

Altso, eit dikt kvar dag.

Eitkvart sviv ein,
eitkvart hender,
eitkvart legg ein merke til.

- Eg stend opp. Det ljosnar.

Har gode forset.

Og ser dompappen lettar or kirsebærtreet
der han stel knupp.

Olav H. Hauge

UNGDOMSTIDI ÅT OLAV H. HAUGE

Utdrag frå boka Andreas Bjørkum: Målmeistaren frå Ulvik, ord og former hjå Olav H. Hauge.

Etter løyve frå Det Norske Samlaget. Nokre kjeldetilvisingar er ikkje med her.

Denne artikkelen fortel litt om ungdomstidi til Olav H. Hauge, tilgjenge til lesnad og noko om lagsliv og kulturliv i Ulvik i 1920- og 1930-åri, og opplysningar om nokre viktige personar i nærmiljøet.

Det meste av tilfanget i denne bolken er teke or samtalar med Hauge sjølv der han fortel om ungdomstidi si, men sume stader har eg med nokre opplysningar i tillegg or ein lang samtale eg hadde i Ulvik hausten 1995 med Gjertrud Vallevis, fødd Espelid i 1906. Ho dreiv privat realskule i Ulvik i 36 år, fram til 1968, og ho kjende bygdalivet godt. Karl Vallevis, mannen hennar, var ein nær omgangsven av Hauge, so Hauge vanka mykje i heimen deira. (...)

Bjarne Ljones, fødd 1913 i Ulvik, professor på Ås frå 1954, har òg gjeve meg nokre opplysningar her.

I samtalen med Otto Hageberg i «Norsk litterær årbok» 1986, frå s. 9 og utetter, fortel Hauge om lesebøkene dei brukte i skulen. Det var leseboki åt Rolfsen i folkeskulen, leseboki åt Matias Skard i framhaldsskulen, «den låg på eit høgt plan», og «I middelskulen den leseboki som Severin Eskeland hadde laga» (s. 9). Hauge legg stor vekt på bladi, for heime hadde dei «Norsk Barneblad» og «Gula Tidend» då Olav Gullvåg var redaktør. Han skreiv egne dikt i bladet, og «eg deklamerte dikt av Gullvåg i framhaldsskulen (same s.) Ein av lærarane der (Ohnstad) las heile bøker høgt for dei, Hauge nemner «Haugtussa» og både «Brand» og «Peer Gynt», og elevane laut øva seg i å seia fram dikt hjå Ohnstad (s.9). Lærar Vejbjørn Ohnstad (1884–1974) var frå Aurland i Sogn, frå plassen Bakken på Ohnstad, og han var mykje med i ungdoms- og mållagsarbeid, fortalde lektor An-

ders Ohnstad, bygdebokforfattar i Aurland, til meg hausten 1996. Vejbjørn Ohnstad var formann i byggenemndi for ungdomshuset Elvatun i Ulvik. ... Vidare fortel Hauge at «eg hadde lese *Storegut* av Vinje i fjortanårsalderen» og «Eg las Garborg tidleg, og vart ein stor pessimist».

Mostermannen hans, Torfinn Syse, var gardbrukar og strid målmann, og han heldt «For Bygd og By» og «Syn og Segn» og hadde ei liti boksamling. Han hadde alle dei islandske ættesogene som var komne på Samlaget, og «I ei kiste hadde han innbundne årgangar av *Fedraheimen*. Han hadde komediane åt Holberg og skriftene åt Aasen og Vinje, «men Garborg var husguden, han hadde alt av han, umsetjingi av Odyssees-kvædet òg». Han las «upp att og upp att, serleg Bibelen og Snorre». Hjå mostermannen fekk Hauge «Hægstad og Torp: *Lærebok i gamalnorsk*. Du vert aldri nokon kar um du ikkje lærer gamalnorsk, sa han. På den tidi kom den fyrste nynorske Bibelen ut i 1921, og Hauge fekk den hjå mori, og han legg attåt: «Betre nynorsk er ikkje skriven her i landet».

Hauge var mykje på Syse hjå moster si og mostermannen, Torfinn. Torfinn Syse (fødd 1877) var fyrst gift med Anna Pålsson Ø. Hakestad (1882–1965). Dei hadde ikkje born. Torfinn og kona døydde båd i 1965. Hauge og mostermannen prata helst om bøker, og «Ein kan lett tenkje seg at Olav fekk gode vink der i garden», skriv Skrede (1964 s. 11). Me ser då fleire døme på kva kjeldor dei nynorske stilideali hans er henta frå, og kva nynorsk lesnad han mest har hatt tilgjenge til i desse ungdomsåri.

Folkeboksamlingi i Ulvik må ha vore ei svært verdfull samling for ein storlesar som Hauge, og attåt var styraren der ein nær granne, Magnus Hakestad (vanl. kalla Magnus i Hajen, fortalde Gjertrud Vallevis). Han hadde vore 37 år i Amerika (35 år, skriv Skrede 1964, s. 11, «den lengste tida

i Minneapolis)), «var gamal sosialist og ein velorientert mann, engelske tidsskifter heldt han so lenge han levde», soleis heldt han «The New Leader» i åri 1924–31, skriv Skrede, «eit godt blad med lett språkføring; der fekk Hauge si første orientering i engelsk bokheim.

I fyrstinga las Hauge mest norske barnebøker, segner og eventyr; «bøkene til Løland, Moren og Floden lika me godt», og «me fekk låna dei bøkene me vilde». Folkeboksamlingi hadde mange omsette bøker, t.d. romanar av Marryat, Cooper, Dumas, Scott, «og seinare Dickens og Cervantes». Den romanen som greip Hauge sterkast var *De elendige* av Hugo, ei uforkorta dansk utgåve, «dei 10 bandi i raud shirting». Då var Hauge «i femtanårs-alderen». Magnus Hakestad brydde seg ikkje noko serleg om vers, men han hadde eit band med dikt av Byron, og «det fekk eg då eg hadde lært litt engelsk», fortel Hauge («Norsk litterær årbok» 1986, s. 11).

Hauge sjølv fortel at «Edmund Hakestad, morbror min, fekk mykje å segja for meg i ungdomen. Han var fødd i 1885 og døypt *Oddmund*, og han reiste til U.S.A. i 1906. Han var i Amerika i 22 år og kom heim att i 1927, og både der og seinare brukte han namnet Edmund. «Han var vel nærast anarkist, trur eg -, og dreiv som timberhoggar på Vestkysten», fortel Hauge. Han tok både «high school og college, men gjekk tilbake til skogen etter skuleåri». Morbroren døydde i 1937 på Valen sjukehus, og Olav overtok seinare boksamlingi etter han, fortalde Gjertrud Vallevik til meg.

Hauge fekk den fyrste verslæra si hjå morbroren, ei liti verslære av Clement Wood, *Hints on Writing Poetry*. Dei skreiv brev til kvarandre, og morbroren sende han bøker, soleis *In Memoriam* av Tennyson, «det var den fyrste engelske diktsamlingi eg åtte», og Hauge prøvde seg på omsetjing av *Ring out, Wild Bells*, «som stend der» («Syn og Segn» 1994, s. 90). Morbroren las fleire filosofiske verk og verk av Ibsen,

men «Diktaren hans var Robert Browning», («Norsk litterær årbok» 1986).

Om desse to vegvisarane åt Hauge hermer Skrede etter forfattaren: «Magnus og Edmund Hakestad var einsame menn i Ulvik, seier Olav H. Hauge, og «det er vel berre eg som veit kva dei var».

I baa dei to kjeldone eg jamt har synt til, får me vita meir om lesnaden åt Hauge, og Skrede spør seg kva som gjorde mest inntrykk på den unge lesaren. Skrede nemner nokre norske diktsamlingar av Wildenvey, Ørjasæter og Uppdal i folkeboksamlingi i Ulvik. Hauge kjøpte seg lærebøker og ord-bøker, skriv Skrede, og av utanlandsk litteratur reknar han opp diktsamlingar av t.d. Tennyson, Byron, Heine og sonettar av Shakespeare. Hauge las mykje anna òg, «men det er tydeleg at det er lyrikk-lesnaden som har sett djupaste spor», meiner Skrede.

Hauge las alle årgangane av «Syn og Segn» og «Samtiden», og «Dei lærde eg mykje av». I boki åt *Nils Kjær: Essays. Fremmede Forfattere* var det serleg essayet om Edgar Allan Poe «som trollbatt meg». Han las ei Dostojevski-bok i boksamlingi, «Raskolnikov», og hjå presten Asbjørn Olafson fekk han låna «Brødrene Karamasov» og dikti åt Tegner.

I 20-årsalderen hjalp Hauge presten Asbjørn Olafson med å reinskriva ei bok frå storviltjakti i Østerdalen. Olafson var prest i Ulvik frå 1916 til 1931. Han var òg ein ivrig reinsjeger på Hardangerviddi, fortalde Bjarne Ljones, som var kokkegut åt presten der ein haust. Asbjørn Olafson var son åt Jørgen Olafsen, den kjende tingmannen frå Romsdalen. Jørgen Olafsen var fødd på Lesja, men han levde lengste tidi si i Veøy....

Hauge reinskreiv boki åt Asbjørn Olafson, og ho kom ut året etter (i 1929) med tittelen «Blandt kronede hoder. Minner fra storviltjakten».

Hauge fortel vidare at «Eg fekk smugla inn nokre dikt i boki», og då han synt presten diktet «Elgen» av Ørjasæter, vart presten «vill av begeistring» og ville ha med

nokre strofor av diktet i boki. I boki finn me nokre utdrag or «Elgen». Eit dikt av William Wordsworth skulle òg vera med i boki, fortalde Gjertrud Vallevik meg, og det er rett, for ei strofe på fire linor står prenta på *engelsk*, avmerkt med (Wordsworth) under diktet. Av utanlandske dikt finn me vidare to tyske strofor, men baa stader *utan* diktarnamn og eit par på svensk, men dei fleste dikti er norske. «Nå er min bok 50 % betre», hermer Hauge etter Olafson.

Etter gartnarutdanningi arbeidde Hauge «mellom anna mykje i prestegarden hos sokneprest Amlie, som var ein god mann for han», skriv Skrede. Ole Johan Amlie var sokneprest i Ulvik frå 1932 til 1958, han var med i ungdomslaget og heldt vigsletalen då ungdomshuset Elvatun var nybygt. Hauge fekk tilgjenge til boksamlingi åt presten, og «det var svalande å koma dit», hermer Jens M. Haukaas etter Hauge.

Rundt Hjeltnes hagebruksskule og i ungdomslaget i Ulvik var det ein del intellektuell ungdom som heldt saman og diskuterte samtidsspørsmål og kulturspørsmål. Dei var human-etisk interesserte og fylgde godt med i samtidi, og då ungdomshuset Elvatun vart innvigd i 1934, var dr. theol. Kristian Schjelderup hovudtalar. Han tala over emnet «Kampen om livsanskuelser» (referert i Hordaland Folkeblad 12. des.), og møterferatet er attgjeve i lagsoga.

Nokre av desse ungdomane gjekk seinare på Landbrukshøgskulen på Ås, og av dei vart Oddvin Reisæter (1913-1983) sidan professor på Ås. Både han og Bjarne Ljones kjende Hauge godt og hadde vitjing av han på Ås. Reisæter og Ljones redigerte saman

det fyrste heftet om «Hjeltnes» (1941) og dei fire hefti etterpå med ti års mellomrom fram til Reisæter døydde, men i siste heftet (1991) er Asbjørn Børsheim ny medredaktør. I alle desse hefti har Hauge prenta fleire dikt og eit prosastykke.

Gjertrud Vallevik nemnde fleire namn frå denne venekrinsen, t.d. Gjert Vallevik (fødd 1911, han gjekk seinare på Ås), Lars Ljono (utdanna seg til ingeniør), Gunnar Olafson, han var Ås-kandidat og seinare rektor på Hjeltnes ei tid, fortalde Bjarne Ljones, og Knut Vikør (1907-1975), faren var lærar i Ulvik frå 1911 til 1932. Knut Vikør dreiv seinare Ulvik hotell.

Alle desse ungdomane kjende vel til den store lesekunnskapen åt Hauge og såg opp til han som den litterært overlegne, fortalde Gjertrud Vallevik, og serleg for kor velorientert han var både i norsk og utanlandsk bokheim. Kor mykje Hauge vanka saman med desse karane, veit me ikkje for visst, endå om alle kjende kvarandre i bygdi. Sjølv fortel Hauge at «Eg var aldri med i ungdomslaget» og «eg gjekk sjeldan dit». Han har nok ikkje vore innskriven medlem då, men lange sitat or foredrag der og omtale av andre hendingar i laget kom ofte fram hjå Hauge, for det gamle huset låg på Rossvoll, tett attmed heimen deira, seier Jens M. Haukaas. «Men eg og ein annan gut gjekk gjerne lange turar um laurdags- og sundagskveldane og prata», fortel Hauge.

Me kan trygt seia at nærmiljøet har gjeve mange verdfulle tilskot til utviklingi åt diktaren i ungdomsåri.

Venelaget Olav H. Hauge har sidan vinteren 2017 presentert ein serie med tittelen Mitt Hauge-dikt på Facebook-sida si. Meininga er å la dei som vil, presentera ei lita forteljing om eit Hauge-dikt som er eller har vore viktig for dei. På den måten vil me visa korleis Hauges lyrikk kan gripa inn i kvardagen til folk. Lyrikk kan vera so mykje meir enn opplesingar i spesielle høve.

Det er snakk om små tekststar, ca. 200 ord + sjølve diktet. So langt har det vorte eit par dikt i månaden som har nådd fram til dei snart 1500 personane som fylgjer Fb-sida til Venelaget.

Det er ikkje nødvendig å vera registrert medlem på Facebook for å lesa tekstane i Mitt Hauge-dikt. Det er berre å gå inn på denne lenkja: <https://www.facebook.com/groups/274612409260192/>. Det er likevel slett ikkje alle av medlemmene som er godvener med den store nettheimen. Difor vil me her i medlemsheftet presentera nokre smakebitar på kva som er å finna i denne serien.

Torbjørn Ljones, også kjend som Kvitanesen, og sambygding med Olav H. Hauge, skriv om sitt Hauge-dikt.

Eg var berre tolv år. Det einaste eg hadde lese utanom skulebøkene, var dei små hefta om Miki og Davy Crocket me kjøpte ein gong i veka hjå bokhandlar Opedal på Brakanes. Han me kalla Bokisen. Det var den sommaren bestefar skulle døy. Han hadde vore norsklærer på Hjeltnes og kjende godt Olav H. Hauge. Det var vel kanskje han som fekk *Dropar i austavind* i hus. Eg hugsar eg stod ute, det var sol og varmt og eg les det oppatt og oppatt. Eg lo, mor mi lo, alle lo. Eg skratta, vreid meg rundt og bøygede meg bakover og skreik. Pissa og skita? I eit dikt som eg fekk lov å lesa høgt? Bryta alle reglar? Poesi om det som ingen skulle nemna? Seinare har eg stått der. Ikkje brydd meg om alt mogleg. Og eg kjem sikkert til å stå der ei stund, eg, seddu.

EG STEND EG, SEDDU
(FRÅ *DROPAR I AUSTAVIND*)
Eg stend eg, seddu.
Eg stod her i fjor òg eg, seddu.
Eg kjem til å stå her eg, seddu.
Eg tek det eg, seddu.
Du veit ikkje noko du, seddu.
Du er nyss komen du, seddu.
Kor lenge skal me stå her?
Me fær vel eta, seddu.
Eg stend når eg et òg eg, seddu.
Og kastar fatet i veggen.
Me fær vel kvila, seddu.
Me fær vel sova, seddu.
Me fær vel pissa og skita òg, seddu.
Kor lenge skal me stå her?
Eg stend eg, seddu.
Eg tek det eg, seddu.
Eg kjem til å stå her, eg, seddu.

Astrid Kløve-Graue frå Voss er medlem i styret for Venelaget Olav H. Hauge. Her er hennar Hauge-dikt.

DIN VEG (FRÅ *UNDER BERGFALLET*)
Ingen har varda den veggen
du skal gå
ut i det ukjende,
ut i det blå.
Dette er din veg.
Berre du
skal gå han. Og det er
uråd å snu.
Og ikkje vardar du veggen,
du hell.
Og vinden stryk ut ditt far
i aude fjell.

Dette er diktet som fylgjer oss frå vogge til grav, i glede og sorg.

I mange år og i ulike høve har dette diktet fylgt meg, frå eg fekk det tilsendt då eg skulle ta til i ny og krevjande jobb. Veggen måtte eg varda sjølv...

Seinare har eg lese det opp i barnedåp, i årsmålsdagar, sitert det i brev til vener, og eg har brukt det i minnetale for ein nær og kjær ven som døydde brått og uventa.

Eg har det framfor meg til oppmuntring, men også like mykje til ærefrykt for det ukjende og måten me lever livet vårt på.

Tre små vers, så fulle av livsens sanning. Frå vogge til grav.

Berre ein stor og djupt tenkjande diktar kan gje oss eit slikt dikt – Olav H. Hauge.

Ellen Persvold, dagleg leiar av folkemusikkfestivalen Jørn Hilme-stemnet på Fagernes, har sendt dette bidraget til serien Mitt Hauge-dikt:

Dette er ei temmeleg sann historie. Eg var på ferie i Ulvik og hadde fine dagar med kajakkpadling, bading mellom fjell med snøhetter og ymse treff med Olav H. Hauge. Som smugtitting på Hakestad, der eg faktisk har vore før. I hageselskap i ein draum, altså. Hauge og eg med kulørte lytker og sider i apalhagen ein seinsommarkveld.

I vaken tilstand fekk eg også endeleg vore på Hauge-senteret for sterke opplevingar i fargar, ord og utstillingsløysingar. C-momentet for meg var ein grå, gamal hustelefon med snurreskive. Her slo eg nummeret til Hauge og fekk han i tale, og han spurte meg ein del spørsmål av meir og mindre behageleg karakter:

KOR LENGE HAR DU SOVE?
(FRÅ *JANGLESTRÅ*)
Dette vågar du,
slå augo upp
og sjå deg ikring?
Jau, du er her,
her i denne verdi,
du drøymer ikkje,
ho er slik du
ser henne, tingi her
er slik.
Slik?
Ja, nett slik,
ikkje onnorleis.
Kor lenge har du sove?



Olav kviskrar «Ofelia», «Kvardag» og «Dette lyt du bera» i øyra mitt.

Diktsamtala vår var liksom full av både støtte og anklage. Kor lenge har eg sove? Vågar eg verkeleg å «vakne»? Han påstår jo at eg vågar og kjem til unnsetning idet eg skal «slå augo opp». Det kjennest som ei velmeint oppmoding, men samstundes har eg sove for lenge. Denne søvnen kan nok vera så mangt, tenkjer eg. Hauges eigne mentale turar i berget det blå, kanskje, eller søvnen til gjennomsnittsmennesket på kvileputa av livsløgner.

Diktet lokkar til vakent å sjå seg rundt. Mitt perspektiv er rett og riktig, seier han. Verda er slik eg ser den, og berre slik. Ok. Eg slår meg til ro med det, men med eit nytt og forsterka ubehag. Når det er slik, kor lenge har eg da sove? Og korleis var det før eg sovna? Og kvifor sovna eg?

Draum eller røyndom? På fotoveggen på Hauge-senteret fekk eg også knipsa eit blinkskot av oss der Olav kviskrar både «Ofelia», «Kvardag» og «Dette lyt du bera» i øyra mitt. Eg likar han endå betre da.

Me tek ein tur til Odda, til bloggaren og den tidlegare journalisten *Jan Gravdal*, som har denne forteljinga om eit Hauge-dikt.

EIT ORD - og ein lagnad

Diktet sto for meg før eg hadde lese det, det var som om det var skrive til meg. Eg veit ikkje timen då eg såg diktet slik, men det var ein av dei første dagane etter eg vakna etter å ha vore medvitslaus tre døger etter den kraftige hjerneblødinga. Eg hadde ikkje ord enno, eg kunne ikkje seie orda, berre tenkje dei. Eg såg på elva gjennom det store glaslet og kjende igjen steinane eg sprang og hoppa over som gut, den gong for meir enn 50 år sidan. Og eg tenkte vi hadde så mange steinar, vi kom frå den eine sida til den andre – før.

Tre veker seinare vart eg trilla i rullestol ned i treningsrommet, eg skulle rehabiliterast på eit vis. Det første eg såg, var dette diktet. Det hang på veggjen. Og fortalte med få ord kva eg hadde i vente. Brutalt, nakent og poetisk. Vegen var lang, men det visste eg ikkje då. «Eit ord – ein stein til» Diktaren visste noko som eg fekk del i. Eit ord kunne vera like godt som ein stein. Eller eit ord var å likna med ein stein i ei kald elv. Sakte og ustøtt skulle eg ta i ferd med man-

ge steinar, eit steg om gongen, nokre steg måtte eg gå baketter, ramle innimellom. Det var milevis til den sikre breidda på andre sida. Stein på stein. Eg treng kvar stein. Eg kjem kanskje aldri over. Men eg er på veg.

EIT ORD (FRÅ *DROPAR I AUSTAVIND*)

- ein stein
i ei kald elv.
Ein stein til -
Eg lyt ha fleire steinar
skal eg koma yver.

Dette er nok det diktet som eg føler som mitt eige. Olav H. Hauge har gitt oss eit heilt univers av visdom.

Serien Mitt Hauge-dikt held fram med tekststar omtrent to gonger i månaden. Me tek svært gjerne i mot fleire forteljingar om kva Hauge-dikt kan ha å seia for folk i kvardagen. Send inn tekst, ca. 200 ord + sjølve diktet, til jakobvelure@gmail.com, og so vil teksten koma på Facebook-sida til Venelaget etter kvart.

Velkomen med forteljinga om ditt Hauge-dikt!

VAR DET IKKJE DU?

Var det ikkje du som kom dansande i solskinet
millom selje og hatlerunnar, -
låttan din steig i ei glitrande drive
og klukka so djupt, so djupt,
og var det ikkje kastet av lokkane dine?
Jau, det var du.

Og var det ikkje du som stod att uppi haugane,
og stakk solvinden med kvasse nåler
so tårone rann?
Jau, det var du.

Olav H. Hauge

TANKAR OM «SVARTE KROSSAR» FRÅ DIKT I SAMLING (2010) av Randi Jåstad



«Svarte krossar» er visuelt, dei to små strofene fungerer nesten som to tablå eller to scenebilete. (Illustrasjonsbilete).

SVARTE KROSSAR

Svarte krossar
i kvite snjo
luter i regnet gruve.

Hit kom dei døde
yver klungermo
med krossar på herd
og sette dei frå seg
og gjekk til ro
under si klaka tuve.

I Hamningberg, heilt ytst på Varangerhalvøya i Finnmark, finst ein gammal kyrkjegard, som eg tilfeldigvis gjekk innom ein gong for mange år sidan. Då såg eg for meg diktet «Svarte krossar» av Olav H. Hauge. Mange av gravene på denne kyrkjegarden hadde slike mørke jarnkrossar som blir skildra i dette diktet. Også elles kan ein sjølv sagt finna slike krossar på kyrkjegardar i inn- og utland. Men der ute mot det forblåste, kalde Barentshavet, med isnande

nordavind jagande mot skarpskorne klipper, gjorde denne kyrkjegarden eit sterkt inntrykk på meg.

Diktet «Svarte krossar» er visuelt, dei to små strofene fungerer nesten som to tablå eller to scenebilete. I første strofa, som inneheld berre tre korte verseliner, teiknar Hauge eit konkret bilete med hjelp av kontrastane kvit og svart. Det svarte kan assosierast med døden, medan det kvite ofte vert assosiert med det reine eller ubrukte. Snøen er kald, sameleis som døden er kald. På den andre sida kan snøen lesast som eit teppe som stillsleg ligg på marka og understrekar kontrasten til dei svarte ståande krossane. Regnet har noko dobbelt ved seg i dette diktet, tykkjer eg. Det legg ei tyngsle over det konkrete biletet, men det kan kanskje også lesast som eit bilete på livet; vatnet som renn, livet som går, og vatnet i konstant rørsle som ei reinsande kraft.

Med verbet «luter» får krossane mennes-

kelege eigenskapar. Å luta bruker ein ofte når ein skal skildra folk som ber tunge bærer, anten psykisk eller fysisk, menneska får gjerne ei lutande haldning etter kvart som kroppen eldest. Den nedtrykte haldninga som ligg i verbet, vert ført vidare i neste strofe. Adjektivet «gruve» er ikkje lenger i bruk i daglegtalet, men i ordboka finn ein at «gruve» tyder lutande, framoverbøyd. «Gruve» forsterkar såleis verbet «luter». I denne strofa vert presens brukt, det vil seia at motivet i diktet høyrer til notida, men gjennom presensbruken smeltar også fortid, notid og framtid saman.

I andre strofa skifter tempus til preteritum, og diktet får såleis ein episk, eller forteljande, dimensjon. Ved ordet «klungermo» vert lesaren mint om diktverket *Draumkvedet* frå mellomalderen, der hovudpersonen, Olav Åsteson, søv seg gjennom jola og drøymmer at han har vorte ført gjennom skjærselden i dødsriket. Han vaknar opp på 13. dag jol, går til kyrkje og fortel der om kva som møter menneska etter døden. Han har sett korleis ein må gjennom ulike styrkeprøvar for å reinsa sjela si og bota for syndene ein har gjort i livet sitt. Dette var katolsk tankegodt som skulle halda folk vekke frå brotsverk og syndige gjerningar. «Klungermo» i verselina /hit kom dei døde/ yver klungermo/ kjenner me igjen frå *Draumkvedet*, der hovudpersonen fekk rive sund kappa si og rispa seg til blods då han gjekk over «tynnymo», ein av stasjonane i den religiøse førestillinga om vegen gjennom skjærselden.

Neste verselina /med krossar på herd/ skriv seg inn i dialog med *Bibelen*. Krossen er det fremste kristne symbolet, som gjev assosiasjonar til Jesu lidingssoge, der han sjølv må bera krossen han skal krossfestast på. Samstundes inneheld Jesu lidingssoge også førestillinga om at han tok på seg syndene til alle menneske. I «Svarte krossar» derimot, har menneska sjølve teke ansvaret

for sine eigne synder eller vonde handlingar, konkretisert gjennom krossane dei ber på.

Både teiknsetjinga og ordtilfanget er spartansk. Me finn berre to punktum, eitt på slutten av kvar strofe. Skildringa av det konkrete biletet i første strofa vert avslutta med punktum, og det vert såleis ståande for seg sjølv, som ei sjølvstendig eining. Då diktet kom ut i samlinga *Glør i oska* i 1946, fanst det tre tankestrek som stod på ei line for seg sjølve midt mellom dei to strofene. Tankestreka la kanskje til rette for at lesaren kunne ta ein refleksjonspause før han gjekk vidare i diktet, og dei markerte eit skarpt skilje mellom liv og død. I «Svarte krossar» i *Dikt i samling* frå 2010 ser ein at desse tankestreka er tekne vekk. Utan tankestreka tykkjast liv og død gå meir i eitt. Skildringa av dei døde i andre strofa har heller ikkje teiknsetjing før heilt på slutten av siste verselina. Slik vert det skapt eit inntrykk av at denne dødsmarsjen er ein kontinuerleg prosess, liv og død går over i ein annan saumlaust.

Diktet minner oss på at me skal dø, det er det eksistensielle grunnvilkåret for alle menneske. Det ligg ei slags jordnær forsoning med dødens vilkår i diktet. Dei døde vert skildra med dei same eigenskapane som levande menneske har. Rørsleverbala «kom», «sette dei ifrå seg» og «gjekk til ro» fører til at skiljet mellom levande og døde vert delvis viska ut. «Å gå til ro» bruker vi også om å leggja seg om kvelden, og her kan kanskje «gjekk til ro» lesast som eit uttrykk for at menneska har klart å verta kvitt børen sine frå det levande livet og forsona seg med døden. Det kan såleis tykkjast godt å få kvila til slutt. Den siste verselina kan knytast saman med den første strofa gjennom dødsmetaforane. Døden vert skildra ved hjelp av ulike språklege bilete som uttrykkjer kulde, og den totale einsemda som døden representerer, vert her vist fram gjennom stadnemninga «under si klaka tuve».

TO DIKT AV OLAV H. HAUGE I NORSK SALMEBOK

av Stein Arnold Hevrøy, dokumentasjonsansvarleg på Olav H. Hauge-senteret

I *Norsk salmebok* (2013) finst det to salmar der tekstane er henta frå *Dikt i samling* av Olav H. Hauge (1908-1994). Salmetekstane er nesten identiske med slik dikta er prenta i den siste autoristerte utgåva av *Dikt i samling* (1994). Etter det eg kan sjå, er det berre eitt ord som er annleis: i salmeversjonen av «Bøn» står det «spirone bryt av mold», men i diktet står det «spirone bryt or mold». Kvifor det er slik, veit eg ikkje, men kanskje er det gjort redaksjonelt. Det er elles godt kjent at Hauge sjeldan gjorde seg ferdig med dikt. Han skreiv vidare på dei, og dikta kom difor i fleire variantar. Dikta står no på dei to siste sidene i diktsamlinga *Glør i oska*, men diktet «Alltid ventar eg å finna» stod ein heilt anna plass i debutboka når det kom i 1946. Diktet er truleg flytta fordi «Bøn» og «Alltid ventar eg å finna» er i nær slekt, og at *Glør i oska* som verk og komposisjon difor krev ein slik fysisk nærleik mellom dikta.

Diktet «Bøn» heitte opphavleg «Skaldebøn» og hadde tre strofer, mot 2 strofer i dag. Heile diktet vart i 1985 teke ut av *Dikt i samling*. I eit brev skrive 12. august 1989 spurde dåverande hovudfagsstudent Ole Karlsen om kvifor Hauge hadde fjerna det. Svaret Hauge skreiv Karlsen nokre dagar seinare var: «Kanskje eg tykte diktet var for romantisk, eg veit ikkje. Eg veit berre at fær eg høve til å laga i stand ei ny utgåve, skal det på plass at, - det har no eit fromt ønske». Det kom først inn att i *Dikt i samling* i 1994.

Kva er meint med at diktet var for romantisk? I boka *Olav H. Huges dikting* skreiv Idar Stegane om «Bøn» som idealistisk allereie i 1974: «Det verkelege innsynet må avgjort kome utanfrå; same kor nær ein kjem dei, er venleiken på jorda, den skiftande årsgangen og natthimlens djup ikkje «under», men avglans eller spegling av idealriket. Idealismen er heil og eintydig i



Ulvik kyrkje frå 1859, ei vakker krosskyrkje med 500 sitjeplassar.

dette diktet.» Eit liknande svar finn me i Ole Karlsens hovudfagsoppgåve, *Om Olav H. Hauges metapoetiske prosjekt* (1994). Karl- sen peikar der på at Hauges dikt skriv seg inn i ein romantisk-idealistsk tradisjon som inneber «platonisme, religiøsitet og synet på dikteren som profet og visjonær».

Dikta kan kallast platonistiske fordi dei er påverka av arven frå den greske filosofen Platon: røynda er delt mellom det forander- lege ein berre kan ha usikre oppfatningar om, og det evige som er gjenstand for sann kunne. Mest klårt er det kanskje i «Bøn» der diktar-eg-et ber om innsyn i sjølv «under- et» og ikkje berre i «avglansen utanpå». I «Alltid ventar eg å finna» ligg det også lengt etter det ideale i uttrykk som «stø mi herd» og «rettvis kanning»: mennesket vaklar i verdas kaos om det manglar (skulder)støtte og rett kunnskap.

Dikta sjølv er underlagt tida, det omskif- telege. Det kjem til uttrykk mellom anna i at

dikta til Hauge ofte kjem i fleire variantar. Samstundes påkallar diktar-eg-et i dikta det evige bortanom det jordiske. Difor kan des- se dikta passa som salmesongar, reint inn- haldsmessig. På det meir sanslege planet passar det godt fordi ordet lyrikk kjem av 'lyre'. Lyrikk var tekst til musikk, og seiest å vera den litterære sjangeren som ligg nær- rast det songlege.

Diktinga til Olav H. Hauge utvikla seg etter kvart i andre retningar, og hjå den sei- nare Hauge er det kanskje meir dikta sjølv som vernar eg-et frå verda enn dei ideale storleikane (som i dei to salmedikta). Eit døme på diktets vernande karakter ser me i «Lauvhyttor og snøhus»: «Det er ikkje mykje med / desse versi, berre / nokre ord, røysa saman / på slump. / Eg synest / likevel / det er gildt / å laga dei, då / har eg som eit hus / ei liti stund.» Eksistensielle tema var altså noko Hauge stadig vende tilbake til.

MUSIKK OG LYRIKK av Sjur Tjelmeland



Leif Rygg, leiar i vene- laget, Olav Ljones og Einar Økland.

Hardingfelemusikk og Olav H. Hauge og hans lyrikk kan vera ei god ramme omkring vestnorsk kultur.

Venelaget Olav H. Hauge, Voss mållag og Voss Lyrikklag skipa til Hauge-møte i biblioteket på Voss 31. oktober. Det kom fullt hus. Forfatter Einar Økland fortalde om venen Olav H. Hauge og Leif Rygg spela vakkert på hardingfele innimellom Økland sine forteljingar.

Det kom fullt hus, og publikum fekk ei fin oppleving i det vakre og luftige biblio- teket denne mørke oktoberkvelden. Mange er glade i både folkemusikken og Olav H. Hauge.

Olav H. Hauge hadde mange vener me- dan han levde, han vart nærast ein kulturfi- gur i somme miljø. Einar Økland møtte han første gongen i 1968.

Dei hadde brevkontakt i 1964, då Økland skreiv til Hauge og sende han debutboka si, *Ein gul dag*.

Ifølgje Dagboka hadde Hauge nett kjøpt denne boka, «det kunde eg altso spart meg!», skreiv han i Dagboka. Han la til: «Eg likar versi hans. Dei unge er dristi- ge, dei er frie og ubundne av alt gammalt.» Dagen etter sende Hauge brev og bok til Økland. Der takka han for bok og brev, og skreiv m.a. Skulde du koma på desse kantar, fær du sjå innom.

Hauge let vel over *Ein gul dag*. «Ei ma- kelaus frisk og fin diktsamling,» skriv han i Dagboka. «Me fær høyra meir frå denne unge mannen! Ver viss! Du les ho på ti mi- nutt. Men då hender det noko!», legg han til.» Mange andre stader i Dagboka får Ei- nar Økland mykje skryt for diktinga si.

På møtet på Voss fortalde Einar Økland muntert og underfundig om Olav H. Hauge. Det var ikkje før i 1974 at Økland kom på besøk i Ulvik.

- Eg vart meir og meir glad i han ettersom me møttest, sa Einar Økland om venen og diktarkollegaen Olav H. Hauge. Olav ville gjerne seia noko positivt om folk, ein gong skrytte han over Vossa-pølsa han hadde kjøpt. I Sunnhordland seier ein aldri noko positivt om nokon, sa Øk- land, som sjølv er sunnhordlending.

Det oppstod eit nært fellesskap mellom dei to poetane. Oftast var det Hauge som styrde samtalan. Ein gong kom Hauge inn på den tida då han var innlagd på Va- len sjukehus. Økland spurde om han var redd då sterke karar kom og henta han.

- Nei, eg var ikkje redd, det var dei som var redde.

Økland, som er utdanna psykolog, nemn- de at han trudde opphaldet i psykiatrien

ALLTID VENTAR EG Å FINNA

Alltid ventar eg å finna
noko som gjev livet verd,
noko som er verd å vinna,
som kan lyfta meg og tvinna
stål i viljen, stø mi herd.

Løysa meg frå tvils forbanning
so eg audmjuk bøygjer kne
for ei evig livsens sanning
som kan gje meg rettvis kanning,
mål å gå mot, tru og fred.

Sæl er den som sterkt er dregen
og ser Herrens finger skriv.
Orm vert stav, og logeslegen
busk vert grøn att. Leit deg vegen
fyr den stutte dagen sviv!

BØN

Nysnøen legg si kåpe
yver den svarte tind.
Natthimmelen opnar skåpet
tusund av blånar inn.
Vintersnaud bjørki loggar,
spirone bryt or mold.
Mognande klårhaust voggar
åkrar, tunge av fall.

Opn mine augo, Herre,
so eg kan betre sjå
underet, ikkje berre
avglansen utanpå.
Fyll til den siste kvelden
hjarta med song og sut,
anden og altarelden
loge i einskap ut!

hadde gitt Hauge umisselege kunnskapar om livet og mennesket.

Noko av det Einar Økland har skrive er i slekt med nokre Hauge-dikt av det korte slaget. Økland har og skrive om katten.

Økland las ein stubb han hadde laga sjølv, til minne om Olav H. Hauge. Diktet «Katten», det er vel stygt sagt om dei hine i garden?

Gi katten i alt. Det er nok av moralsk terrorisme i poesien. Du ska itte trø i grasen. Kommunegartneren liker det ikke. Ingen er poet før han har skrive eit dikt om ein gammal katt.

Økland baud på smakebitar frå nokre kortdikt, om verhanar og verhøner og sykling i søvne.

Mellom Økland sine innfall og sidesprang, spela Leif Rygg vakkert og kraftfullt på hardingfela si. Som Hauge-dikta har folkemusikken røter i den nære og kjende, i natur og menneske rundt vestlandske fjordar og fjell.

Leif Rygg spela ein slått han har sett i hop sjølv til 150-årsjubileet for spelemannen Sjur Helgeland frå Myrkdalen inni Vossa-veldet. Han fortalde at han oppheldt seg eit par netter på Vikafjellet og tenkte då på vandremusikk. Påverknad utanfrå skaper utvikling i musikken. Langs slepene over fjellet vandra spelemennene og skapte kontakt mellom spelemenn, musikk og bygder.

Spelemannen Nils Mørkve, også kjend som Bygdatråen, låg i eit gammalt støls- hus ei natt. Då høyrde han ståk ute, med dans, buskap og mjølking. Ei jente kom inn i selsgangen og song på ein tone, som Bygdatråen brukte som grunnlag for ein slått. Sjur Helgeland bygde seinare ut slåtten. Leif Rygg kjende seg kry over å få spela denne vakre melodien. Den finst og på ein CD med Knut Hamre.

- Eg likte Bygdatråen, sa Økland.

- Du får syngja han du, då, repliserte Leif Rygg.

- Økland: Mannen visste ikkje at kona var galen før ho song ved bordet. Ein er ikkje galen før ein har mist vitet.

Olav H. Hauge har skrive eit vakkert dikt om Spelemannen. Det er truleg eitt av dei lengste dikta frå Hauge sin penn, 18 strofer i alt. Det er eit vakkert dikt, ei hylling til ein spelemann som døydde altfor tidleg.

Olav H. Hauge var oppteken av å ikkje syta og klaga, men ytra seg i setningar og ord. Å gje uttrykket form. Der var han ein meister.

«Den som hugheilt skåli tømmer, fær sjå rosa i botnen blømer, siterte Økland. Det visdomsordet er henta frå Hauge-diktet «Skåli», i *Glør i oska*:

Det kjem ikkje alt på bord og skjenk av det som sleng rundt ein svarvebenk.

Det er ikkje alt til skåler laga, endå emnet var stort og maga.

Ei vart klovi, og ei har mist midt i bungen ein røtakvist. Dei du ser der vart berre skrot, og ei stend og haltar på stokken fot.

Men denne skal verta brukande, gut, og eit høveleg rim skal eg tenkja ut. Og den som hugheilt den skåli tømmer, fær sjå rosa i botnen blømer.

RØSSLYNGEN OGMUND av Sjur Tjelmeland



RØSSLYNGEN OGMUND

Ogmund rid heim
Du kunde godt venda heim.
Ingen jorsalfar hadde lenger veg.
Stengd av drivis i Kvitehavet.
Lange var elvane i Russland.
Med askespjot frå Spånheim
stod de ved Jeriko.

No rid du heim yver sletta i Ungarn.
Kveldsoli skin,
og vinden helsar frå nord.
Då ser du skautet på Vassfjøro.
Tårone dryp under hjelmen.
Olav H. Hauge

Gartnar Eileen B. Pettersen i Rådal i Bergen fann for mange år sidan ein sjeldan variant av purpurlyng, *Erica cinerea*. Den gav ho namnet Ogmund, etter Olav H. Hauge sitt dikt «Ogmund rid heim». Namnet er registrert i Heather Society International Registration Authority, det internasjonale lyngregisteret, i oktober 1995.

- Eg ville heidra Olav H. Hauge og meinte Ogmund-diktet står sentralt med den sterke tilknyttinga til Ulvik, fortel Eileen B. Pettersen.

Ho vart interessert i lyngarten som hageplante. Sidan ho bur nær kysten, gjekk ho på leiting og fann denne purpurlyngen og observerte nyansar og fargeprakt.

«Ogmund» har kvit- og purpurfarga blom, ein svært sjeldan variant. Truleg finst

ikkje «Ogmund» meir. På registreringsdokumentet står det at planta er om lag 20 cm høg og 20 cm vid, bladverket er mørk grønt med mellomgrøne bladtuppar om våren. Blomestilkten og bekarblada er mørkerau- de, blomen er tofarga, raud i botnen, så kvit og glimesteinfarga i enden av blomekrona. Planta blømer i juli og august.

Purpurlyng, *Erica cinerea*, veks berre i sørvestvende skråningar langs kysten frå Jæren til eit lite stykke nordom Stadlandet. Mange i Noreg kjenner difor ikkje denne planta. Klokkeling – *Erica tetralix*, er meir utbreidd og trivst i myrlendt terreng, som i Hauge-diktet «Song, trø lett på hjarta mitt». Denne planta er ein dvergbusk som tilhøyrer lyngfamilien. Han er grågrøn og 20–70 cm høg og er fylkesblom i Rogaland.

HAUGE OM SPRÅK

Olav H. Hauge brevveksla med professor Andreas Bjørgum. Bjørgum spurde, og Hauge svara. Her er to brev om kvifor Hauge brukte 1917-normalen i diktinga si.

Hakastad 1. oktober 1993

Kjære Andreas Bjørgum,

Du lyt orsaka at eg ikkje har svara på spursmåli dine fyrr; veret har vore lagleg, og det vesle me har av frukt og grønnsaker laut me ha i hus.

Dei fyrste åri eg var i skulen, var det rettskrivingi frå 1907 me heldt oss til, spår eg. Så vart det då den frå 1917, og det var då den eg kom til å læra. Då eg var i framhaldsskulen, kjøpte eg Norsk Rettskrivingsordbok av Lars Eskeland, og den har eg enno. I striden um rettskrivingi i 1937, var eg heilt samd med Indrebø, og har ikkje skift syn i det spursmålet. I det vesle eg har skrive, har eg halde meg til rettskrivingi i 1917, um ikkje i eitt og alt. Og ingen har klandra meg for det.

*Med beste helsing,
Olav H. Hauge*

Hakastad, 12. oktober 1993.

Kjære Andreas Bjørgum,

Takk for boki um Inge Krokann! Soge og biografi er viss lesnaden til dei fleste gamle. Soleis er det her òg.

Dei siste spursmåli har eg svara på, so godt eg har kunna. Det er diverre soleis her i bygdi som i dei fleste bygder i dag, målet er skipla av framand påverkna. Um ein som eg har butt her det meste av si tid, er ein ikkje å lita på, tidi har brigda ein.

No er det kanskje dei fyrste utgåvone av dikti mine du gjeng ut ifrå. Etter den tid har det kome fleire samla utgåvor. Der har eg brigda på mangt i sjølve tekstane, og i språket òg. Saki er at dei fyrste bøkene mine vart til i vanskelege tider for meg, eg var ofte mykje sjuk og skrøpeleg. Det eg skreiv, vart ofte skrøpeleg, det òg. Dette har eg då prøvt å retta på i dei samla utgåvone. Den siste utgåva kom i vår på Samlaget. Og det er slik dikti stend der som er dei rette versjonane. Eitt og anna kan eg vel koma til å brigda på framleis, elles er eg fornøgd med siste utgåva.

Eg legg ved ei bok som Bodil har laga, ho vart radt fortrolla av nynorskbibelen frå 1921!

*Med beste helsing,
Olav H. Hauge.*

Kjelde: Andreas Bjørgum: Målmeistaren frå Ulvik, ord og former hjå Olav H. Hauge. Etter løyve frå Det Norske Samlaget. Nokre kjeldetilvisingar er ikkje tekne med her.

MEDLEMSPENNGAR

Det er kostar ein god del å senda brev med innbetalingsblankett til alle medlemene i venelaget. Styret vonar at så mange som råd betaler årspengane utan at me treng senda brev til kvar einskild medlem.

Det kan gjerast enkelt og greitt ved å betala kr 250 til Venelaget Olav H. Hauge, v/ Anders Oppheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.


Kontonummeret er: 3450 30 01960.

Hugs å skriva på namn og adresse til den medlemen betalinga gjeld! Med det same: Venelaget vil svært gjerne ha e-postadresse til så mange medlemmer som råd. Då kan me enkelt og utan nemnande kostnad halda kontakt med medlemene. Send e-postadressa til post@venelagethauge.no.

Takk for hjelpa!

GJER EIN ANNAN MANN
EI BEINE
Han kom or fjellet, skulde heim,
fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvinstø.
Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen
var ikkje fal.
Eg vil betala
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.
So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen
og skauv ifrå.
Olav H. Hauge



Returadresse: Magne Velure, Anders Sandvigs gate 31, 2609 Lillehammer



Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2016–2018

Leiar: Olav Ljones - ola-lj@online.no

Styremedlemer:

Magne Velure - jakobvelure@gmail.com

Marit Hafting - marit.hafting@uni.no

Sjur Tjelmeland - sjur.tjelmeland@knett.no

Astrid Kløve-Graue - akg@avisa-hordaland.no

Varamedlemer:

Grete Skarpeid

Torbjörg Austrud

Kasserar: Anders Kristoffer Oppheim - andersko@ulvik.org

Eller kontakt oss på desse adressene:

E-post: post@venelagethauge.no eller ola-lj@online.no

Medlemspengar, kr. 250 betaler du til konto 3450 30 01960

v/kasserar Anders Kristoffer Oppheim. Hugs avsendarnamn!

Redaktør for medlemsheftet: Sjur Tjelmeland

